

Kvinnherad kulturstipend 2009

Kvinnherad kulturstipend 2009 er no tildelt 3 søkjarar som får 30.000,- kvar.

Tildelingsgruppa har bestått av Eli Haugan - Kvinnherad kulturskule, Dag Erik Eikeland - SKL, Grete Solheim – Sparebanken 1, Kvinnherad og Sissel Aarseth - Kvinnherad kulturkontor.

Bidragssytarar til Kvinnherad kulturstipend er:

Fjelberg Kraftlag
Kvinnherad kommune
Sparebanken 1 – Kvinnherad
Sparebanken Vest
SØRAL
Sunnhordland kraftlag

I år har tildelingsgruppa valt å fokusere på visuelle kunstuttrykk. Stipendmottakarane representerer 3 ulike yringsformar innan visuell kunst og dei er i 3 ulike fasar i kunstnarisk utvikling.

Stipendmottakarane er :

- Johanne Teigen, Husnes, no London
- Oda Hveem, Halsnøy, no Oslo
- Eirik Eriksen, Valen, no Bø i Telemark

Johanne Teigen er 23 år og kjem opphavleg frå Teigen, Husnes. Ho studerer no til ein Bachelor-grad med skulptur som spesialisering ved Camberwell College of Arts i London. Der skal ho studere i 3 år.



For meir informasjon om arbeida til Johanne så langt kan de sjekke ut <http://www.flickr.com/photos/johanneteigen/>

Johanne er i byrjinga av eit utdanningsløp og stipendet vert tildelt som eit arbeidsstipend i høve til utdanninga. Tildelingsgruppa ser fram til å følgje med på Johanne si faglege utvikling.

Oda Hveem er 25 år, opphavleg frå Halsnøy, og studerer til ein mastergrad ved Kunsthøgskulen i Oslo. Ho driv også eige firma som leverer foto og grafisk design. Masteroppgåva er no i støypeforma, den skal innehalde foto og fotomontasjar. Kanskje med utgangspunkt i norske folkeeventyr og segn. Ho vert tildelt stipend til investering i utstyr til masteroppgåva. For meir informasjon om Oda sjå www.oda.hveem.no eller www.visuello.no



Eirik Eriksen er 33 år og opphavleg frå Valen. Han er no busett i Bø i Telemark. Her har han etablert seg med atelier og familie. Dei siste 10 åra har han delteke i 9 -10 ulike kunstutstillingar. Den største til no i november 08 på Galleri Nyhuus på Gvarv. Han har etter dette utarbeidd ei ny grafikkutstilling.



Eirik arbeider for å utvikle ein digitalt basert grafikkteknikk, målet er å utvikle og kultivere denne teknikken enda meir frametter. Teknikken tek utgangspunkt i ein ordinær grafikk og etterbehandlar denne. Han får ofte spørsmål om teknikk og arbeidsmetode og meiner at han er ganske aleine om å jobbe akkurat på denne måten. Han får stipendet til å investere i naudsynt utstyr til vidareutvikling av metoden.

Sidan stipendmottakarane er busett på så vidt ulike stader må vi kome attende til ein dato det passer for alle å møtast for ei markering og utdeling av stipendet.